

John André Molvær  
Torvmyrvegen 4  
6037 Eidsnes

Oslo, 25.06.2025

Deres ref.:

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):  
2025/3913

Saksbehandler:  
Maria Hedenstad

## Vedtak i klagesak om klage på løyve til utslepp av kommunalt avløpsvann- Sula kommune

Vi viser til klaga på Statsforvaltaren i Møre og Romsdal sitt vedtak datert 5. juli 2024. Klagesaka vart send over frå Statsforvaltaren til Miljødirektoratet 28. november 2024. Vi viser også til opplysningar til klaga frå Ivar Cock-Olsen datert 30. januar 2025 og opplysningar frå Kvasnesgruppen datert 28. februar 2025.

### Vedtak

Miljødirektoratet opprettheld Statsforvaltaren i Møre og Romsdal sitt vedtak med ein endring.

Miljødirektoratet stiller krav om at kartlegginga av naturmangfaldet i området ved naudoverløpet, skal inkludere ei vurdering av korleis det påverkar naturmangfaldet. Løyvets avsnitt 1.2 tabell 2 skal lyde: "Sula kommune skal kartlegge naturmangfaldet i området ved naudoverløpet. Kartlegginga skal inkludere ei vurdering av korleis utsleppet frå naudoverløpa påverkar naturmangfaldet i dette området. Frist for å oppfylle kravet er 31. desember 2026."

Vedtaket er gjort etter forurensningsloven § 11 jf. § 16 og forvaltningsloven § 34 fjerde ledd jf. § 28 tredje ledd.

Avgjerda er endeleg og de kan ikkje klage på vedtaket.

Vi ber Statsforvaltaren om å endre løyvet i tråd med vårt vedtak.

### Bakgrunn for saka

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal fatta 5. juli 2024 vedtak om løyve til utslepp av kommunalt avløpsvatn til Sula kommune. Det er stilt krav om sekundærreinsing. Kongshaugen reinseanlegg skal byggjast som eit fjellanlegg på Kvasneset, sør-aust i Sula kommune, og er planlagt ferdig 1. august 2028. Sula og Ålesund kommune har fleire anlegg som ikkje overheld primærreinsekravet og har den siste tida praktisert byggjestopp i områda der reinseanlegga ikkje overheld krava i utsleppsløyvet. Kongshaugen reinseanlegg vil erstatte 11 eksisterande reinseanlegg/ureinsa utsleppspunkt av ulik storleik, og tre av dei ligg i Sula kommune. Sula kommune skal først kople seg til anlegget, deretter Ålesund kommune.

## Klagarane sine argument

Det er teke imot 14 klager på vedtaket og mange av klagenene handlar om det same. Klagarane sine merknader vert difor presentert tematisk. Vi viser til klagarane som "klagar".

### Påverknad av naturmangfald

Klagar er bekymra for korleis naudoverløpet, og til dels utsleppet av kommunalt avløpsvatn påverkar resipienten. Dei er spesielt bekymra for Vegsundholmane-Veibustholmen naturreservat og kva innverknad utsleppet vil ha på det verna området, og om bestanden av sjøfugl vil påverkast negativt. Fleire klagarar meiner utsleppet strir med verneføremålet. Klagar meiner støy frå anleggsarbeid har påverka bestanden i reservatet.

### Lågt oksygeninnhald og plassering av utsleppspunktet

Klagar er bekymra for lågt oksygeninnhald i vatnet og at tilførsel av næringsstoff frå utsleppet vil påverke førekosten av kvit hornkorall, som er funnen i området der leidningen skal leggjast, negativt. Klagar er og bekymra for påverknaden utsleppet vil ha på hummar, krabbe- og fiskebestanden i fjorden.

Klagar meiner utsleppspunktet bør plasserast lengre vest fordi det er betre straumforhold og vassutskifting lenger vest for Kvasneset. Klagar meiner den ekstra kostnaden med å flytte det frå Kvasneset til Lahellestranda er liten samanlikna med total kostnad for prosjektet. Klagar påpeiker at straummålingar syner at store deler av straumen går innover i Storfjorden på vinteren, og at deler av vassmassane vil leiast inn i Vegsundet, Vågane og vidare til Flisfjorden. Klagar er bekymra for at straumforholda vil leie avløpsvatn inn i bukta og at dette saman med nødoverløpet vil påverke heile bukta og strandlinja frå Vegsund til Flisneset. Klagar meiner straummålingane burde vært gjennomført i eit år, ikkje i ni månader. Klagar meiner også at ein plassering av utsleppspunktet lenger vest vil gi mindre negativ påverking for naboar.

### Løyvet inneheld ikkje framtidige reinsekrav som kjem i nytt avløpsdirektiv

Klagar meiner den valde reinseteknologien er forelda og ikkje vil klare å oppfylle krava. Anlegget vil få mykje overvatn som vil gjere reinseprosessen vanskelegare.

### Energiforbruk

Klagar meiner prosjektet ikkje verkar berekraftig og at energiforbruket til prosjektet burde vore forankra i berekraftsmåla. Klagar påpeikar at løyvet ikkje stiller energikrav til anlegget og krav om energinøytralitet i 2040. Klagar meiner det burde sett krav til energiutnytting av slammet.

### Areal for framtidige reinsekrav

Klagar meiner at anlegget er bygd for lite og at det ikkje er plass til utviding. Klagar syner til krav i løyvet punkt 3.2.1 om plass til eventuell utviding. Klagar meiner dette ikkje vil bli utført.

### Naudoverløp

Klagar ønsker at naudoverløpet vert lagt ut mot Storfjorden, til sørsida av Kvasneset, sør for Kvasnesodden. Klagar meiner naudoverløpet vil vere oftare i bruk enn kommunen antek, spesielt i oppstartsfasen og at det skal bli teke i bruk i lenger periodar ved eventuell svikt. Klagar meiner det ikkje er teke omsyn til den totale forureiningsbelastninga i Vågane og at området i Vågane/Vegsundet allereie er sterkt forureina som følge av skipsverftaktivitet. Klagar meiner naudoverløpet vil redusere området sin verdi som rekreasjonsområde og at utslepp frå

naudoverløpet kan få økonomiske konsekvensar for enkelte, på grunn av tapt inntekt i samband med redusert fiske og turisme.

### Badeplass

Klagar meiner at Sula kommune ikkje har opplyst om at det er registrert badeplass der utsleppsleidningen skal liggje.

### Ramme for løyvet

Ramma i løyvet på 66 000 pe avvik frå tidlegare dokument frå kommunen. Klagar stiller spørsmålsteikn ved at ramma er redusert når det er ein aukande befolkningsvekst.

### Overføringsleidning

Klagar meiner det er negativt at legging av overføringsleidning ikkje er ein del av løyvet. Klagar meiner at dersom det hadde vore søkt om tidlegare ville prosjektet med bygging av reinseanlegget ha vorte stoppa. Klagar er bekymra for negativ påverknad på naturreservatet, særleg for Sjøfugl i hekkeperioden.

### Overvaking av vassførekomst

Klagar meiner at kravet til overvaking burde vore strengare og foreslår årlege intervall.

### Lukt og pipehøgde

Det er ikkje sett krav til pipehøgde og klagar meiner det vil bli lukt frå reinseanlegget. Klagar meiner det må setjast krav til 50 m pipehøgde for at lukta skal bli tilstrekkeleg fortynna. I tillegg må pipa plasserast lengst mogleg mot nordvest.

### Merknader til klaga

Sula kommune har uttalt seg til klaga og hovudtrekka er referert under. Vi viser elles til Sula kommune sine kommentarar til klage på vedtaket datert 11. oktober 2024.

### Om utsleppspunkt på naudoverløp

Kommunen skriv at det må vere ein tilførsel til reinseanlegget lik  $Q_{maks}$  samtidig som det er ein sjøvasstand på 167 cm over normalnull for at utslepp via naudoverløpet skal førekomme. Kommunen peikar på at statistisk sett skjer eit slikt samanfall kvart 20. år i dette området. Ved eit evt. straumbrot vil utsleppet gå gjennom hovudutsleppsleidningen. Vidare skriv kommunen at risikoen for delvis eller fullstendig blokkering av hovudutsleppsleidningen er vurdert som tilnærma usannsynleg. Kommunen meiner den ekstra kostnaden det har å leggje naudoverløpet ut til utsleppspunktet ikkje kan forsvarast.

### Krav til reinsing, prosess og dimensjonering

Reinseanlegget skal oppfylle sekundærreinsekravet. Resultata frå resipientovervakinga og miljøtilstand for Storfjorden gir ikkje grunnlag for å stille krav om strengare krav til fosforfjerning, nitrogenfjerning, bromerte flammehemmarar eller medisinerstar nå. Kommunen jobbar med tiltak for å separere overvatn og avløpsvatn, som vil gi rom for å auke mengda avløpsvatn utan å måtte dimensjonere opp kapasiteten ved Kongshaugen reinseanlegg eller utviding av anlegget.

### Naturmangfald, miljø, verneinteresser og val av resipient/utsleppspunkt

Kartlegging av naturmangfald og miljø er gjennomført i planprosessen. Etter endeleg godkjenning av reguleringsplan, har Statsforvaltaren stilt krav om nærmare undersøking og kartlegging av førekomstar av korallar før plassering av overføringsleidning frå Sunde til Kongshaugen vert fastlagt. Ålesund og Sula kommune vil følgje opp kravet og leggje til rette for å vareta omsyn til naturmangfald og sårbare artar ytterlegare.

### Straummålingar

Gjennomførte simuleringar utførte av Rådgivende Biologer syner at gjennomslag til overflate eller strandsone vil skje i svært lita grad og dersom det skjer vil det vere så stor fortynning at det ikkje medfører fare eller ulempe for miljø eller brukarar/fritidsinteresser.

### Resipientovervaking

Krava til resipientovervaking vil sikre god kontroll og oversikt over utviklinga i resipienten. Kvart tredje år er ei intensivering samanlikna med tidlegare år der det har vore gjennomført kvart fjerde år. Intervall på eit år vil etter kommunen sitt syn ikkje vere naudsynt for å kunne vurdere utviklinga i resipienten, ei heller forsvarleg ut frå eit kost-nytte perspektiv.

### Statsforvaltaren sine merknadar

Statsforvaltaren finn ikkje grunn til å ta klagen til følgje, men er samd i at klagen som handlar om at området rundt utsleppspunktet for naudoverløpet ikkje er godt nok kartlagt. Statsforvaltaren har difor sett krav i løyvet om at dette skal gjerast jf. punkt 9 siste ledd i løyvet. Fristen for gjennomføring av kartlegginga vert sett til 31. desember 2026, før anlegget vert sette i drift. Statsforvaltaren tilrår også å presisere at kravet til god badevasskvalitet er 100 TBK/100 ml.

Vi viser til Statsforvaltaren sine vurderingar i oversendingsbrevet datert 28. november 2024.

## Miljødirektoratets vurderingar

### Miljødirektoratet sine vurdering av lovgrunnlaget

Vi er klageinstans og kan etter forvaltningsloven § 34 andre ledd prøve alle sider av saka. Vi kan også ta omsyn til nye omstende og forhold som ikkje er teke opp i klaga.

### Miljødirektoratet sine vurdering av rettsleg klageinteresse

Det følgjer av forvaltningsloven § 28 første ledd at enkeltvedtak kan klagast på av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse i saka. I denne saka er det 14 privatpersonar, Naturvernforbundet, ei småbåtforeining og eit politisk parti som har klaga på Statsforvaltarens vedtak. Ingen av klagarane vert omfatta av partsomgrepet slik det kjem fram av forvaltningsloven § 2 første ledd bokstav e. Dette fordi dei klagar på i vedtaket ikkje retter seg mot dei eller direkte gjeld dei. Dermed kjem klagerettsvurderinga an på om klagarane har rettsleg klageinteresse i saka.

For å oppfylle kravet om rettsleg klageinteresse er det i utgangspunktet nødvendig at vedtaket som vert klaga på må ha klare faktiske følgjer for klagar. Det må altså kunne krevjast ei tilknytning til saka som er av ein slik art, styrke og/eller nærleik at det verkar rimeleg for klagar å få klagebehandla førsteinstansvedtaket. Ei tilknytning til saka i form av interessemotsetningar med den som har fått

eit løyve, vil kunne medføre rettsleg klageinteresse. Slike interessetilknytningar må likevel vere tilstrekkeleg nært knytte til det aktuelle tillatne tiltaket, slik at ei iverksetjing og gjennomføring vil kunne få klåre verknader for klagar.

Miljødirektoratet legg til grunn at privatpersonane som har klagt på Statsforvaltarens vedtak neppe kan seiast å ha noka særskild interesse eller tilknytning til fjorden samanlikna med andre personar som bur i kommunen. Forvaltningslova § 28 første ledd kan etter vårt syn ikkje sjås slik at alle privatpersonar som nyttar eller har engasjement for eit område til sjøs eller på land, har rettsleg klageinteresse når det gjeld avgjerdene til styresmaktene om desse områda. Etter vårt syn er dermed miljøengasjementet til klagarane for naturmangfaldet på land eller i sjø ikkje noko som i seg sjølv gir dei rettsleg klageinteresse.

Også bebuarforhold er relevant i ei vurdering av rettsleg klageinteresse. Me har vurdert plasseringa til privatpersonane opp mot den føreliggjande miljøfaglege dokumentasjonen i saka, og opp mot plasseringa av administrasjonsbygg, pipe, utsleppspunkt og naudoverløp. Etter vårt syn er det ingen av privatpersonane i saka som har ein bustad med ein geografisk nærleik til tiltaksområdet som tilseier at dei som bebuarar direkte vil påverkast av utslepp av kommunalt avløpsvatn frå Kongshaugen reinseanlegg. Somme privatpersonar har ein bustad med geografisk nærleik til administrasjonsbygget og pipa til anlegget og i desse tilfella er vår vurdering at dei har rettsleg klageinteresse i kraft av å vere naboar til administrasjonsbygget til Kongshaugen reinseanlegg.

Veibustvågen småbåtforeining, Naturvernforbundet og Industri- og næringspartiet Ålesund har også klagt på Statsforvaltarens vedtak. For at ein organisasjon skal ha klagerett må han ha ei viss tilknytning til saka. Organisasjonar og foreiningar har i stor grad rett til å klage for å fremje interessene til medlemmane eller for å vareta meir ideelle verdiar som foreininga har til formål å fremje. Etter vår vurdering har ikkje Veibustvågen småbåtforeining klagerett på grunn av manglande tilknytning til saka. Industri- og næringspartiet Ålesund er eit politisk parti, og har av den grunn ikkje rettsleg klageinteresse. Naturvernforbundet har rettsleg klageinteresse i kraft av formålet sitt som er å arbeide for å verne natur og sikre livsmiljøet slik at menneskeleg verksemd ikkje overskrid tolegrensar i naturen og fremje deira medlemmers interesse for dette.

Etter ei samla vurdering er Miljødirektoratets syn at enkelte av privatpersonane som har klagt på Statsforvaltarens vedtak, har klagerett på bakgrunn av at bustaden deira er plassert geografisk nært administrasjonsbygget, i tillegg til Naturvernforbundet. Fordi mange av klagenes omhandlar det same temaet, uavhengig av om klagaren har rettsleg klageinteresse eller ikkje, vel me å behandle merknadene til klagenes tematisk utan å gå inn på kvar enkelt klagar.

Miljødirektoratet er klageinstans i saken, og kan derfor prøve alle sider av den. Vi kan også ta hensyn til nye omstendigheter og forhold som ikkje er tatt opp i klagen.

## Miljødirektoratet sine vurdering av merknadene til klagarane

### Vurdering av påverking på sårbart naturmangfald

Det er noko uvisse til utbreiinga og omfanget av fire lokalitetar av større tareskogførekomstar, som er vurdert til middels verdi, og tre korallførekomstar (kvit hornkorall) som er registrert ca. 500 til 890 meter frå utsleppspunktet og er vurdert til svært viktig naturtype (A-verdi).

Med sekundærreinsing skal utsleppet av organisk materiale reduserast med minst 70 % BOF<sub>5</sub> og 75 % KOF<sub>5</sub>. Multiconsult<sup>1</sup> påpeikar at under normale driftsforhold ved Kongshaugen reinseanlegg kan man forvente ein reinseeffekt for det kommunale avløpsvatnet på 80-90 % av både suspendert stoff og BOF<sub>5</sub>. I hovudsak vil det vere oppløyst næringssalt og finpartikulært materiale som kjem ut frå reinseanlegget.

Relativ vassutskifting kan tyde på at utslepp av partiklar ved Kvasneset kan transporterast mot korallførekomstane, og kanskje påverke dei negativt av . Mest truleg er det små mengder med organisk materiale som kan og vil sedimentere på korallførekomstane. Det bekreftar også modellering av spreining av utsleppsvatnet (Brekke mfl. 2021)<sup>2</sup>. ROV-kartlegging synte imidlertid også til at kvit hornkorall toler ein viss grad av sedimentering då det var hyppige førekomstar også der det var noko sedimentdekke<sup>3</sup>.

Sjølv om det er gjort berekningar av spreining av utsleppet, gjev ein modellering informasjon om sannsynleg eller forventa spreining, og ikkje sikker kunnskap. Vi må difor leggje til grunn at det er uvisse knytt både til korleis forureining frå utsleppet vil spreia, korleis partiklar vil sedimentere på botnen og kva effekt utsleppa kan få på førekomstane i influensområdet til anlegget søknaden/løvet gjeld. På dette grunnlag meiner Miljødirektoratet at føre-var-prinsippet tilseier at det bør leggjast noko vekt på risikoen for vesentleg skade. Vi vurderer difor at føre-var-prinsippet i nml. § 9 verte nytta fordi skade som fører til at korallar dør, er rekna som irreversibel skade.

Når det treffest ei avgjerd utan at det ligg tilstrekkeleg kunnskap føre om kva verknader ho kan ha for naturmiljøet, skal det ifølgje naturmangoldloven § 9 takast sikte på å unngå mogleg vesentleg (alvorleg eller irreversibel) skade på naturmangfaldet. Om ein skade er "vesentleg" avheng av ei konkret vurdering av mellom anna kor omfattande verknadene verte, om skaden er varig eller forbigåande og om skaden gjeld trua eller nær trua natur. For naturtypar vil øydelegging av førekomstar i dei fleste tilfelle vere irreversibel, og dermed ofte vesentleg (jf. Klima- og miljødepartementets rettleier til naturmangoldloven kapittel II). Eventuell skade som inneber at korallane dør, må etter vår vurdering reknast som irreversibel, i lys av den låge vekstfarten til korallane og tida det vil ta før førekomsten eventuelt vert bringa tilbake til opphavsleg tilstand.

Kor stor betydning føre-var-prinsippet bør få i ei konkret sak, avheng av kor sannsynleg det er for at vesentleg skade vil oppstå. Ved gode sjansar for vesentleg skade, vil føre-var-prinsippet medføre at ein legg til grunn at det vil oppstå skade på naturmangfaldet sjølv om det ikkje kan konstaterast sannsynsovervekt for at slik skade vil tre inn. Dersom det er mindre risiko for vesentleg skade, vil verknadene for natur verte tillagt litt mindre vekt enn ein ville gjort ved sikker kunnskap (jf. Klima- og miljødepartementets rettleier til naturmangoldloven kapittel II).

**Miljødirektoratet meiner det er for strengt å ikkje tillate utsleppet.** Vi meiner Kongshaugen avløpsanlegg har ei viktig samfunnsnytte og at det er positivt for miljøet at Kongshaugen reinseanlegg skal erstatte 10 utslepp med dårleg reinsing/ingen reinsing. Multiconsult skriv i sin rapport<sup>4</sup> at for dei 12 vassførekomstane i Åsefjorden, Borgundfjorden og Ellingsøyfjorden som er i

<sup>1</sup> [10240013-01-rimt-rap-001-rapport-utsleppspunkt-medio-mai.pdf](#)

<sup>2</sup> [Etablering av nytt avløpsreinseanlegg ved Kvasneset i Sula kommune](#) (Brekke mfl. 2021)

<sup>3</sup> [hoyring-soknad-utsleppsloyve-kongshaugen-reinseanlegg-iks-sammentilling-av-dokument.PDF](#)

<sup>4</sup> [10240013-01-rimt-rap-001-rapport-utsleppspunkt-medio-mai.pdf](#)

økologisk tilstand moderat eller dårleg, vil ei overføring av dagens utslepp føre til redusert påverking av organisk tilførsel i indre fjordområde. For naturmangfaldet i desse resipientane vil ein overføring av utsleppane kunne føre til ein forbetring lokalt ved utsleppsområdene. Det er vurdert at kapasiteten til Storfjorden-ytre er god, og det er ikkje forventa at vassforekomsten vil forringas av denne av eit utslepp frå Kongshaugen reinseanlegg.

Sjølv om det er faglege diskusjonar og uvisse også om overvaking av korallar kan fange opp endringar i tide og kva som er eigna metodikk, meiner vi at overvaking i denne saka vil gje nyttig informasjon. Miljødirektoratet vurderer at vilkår om overvaking i løyvet til Sula kommune gjev ei rimeleg grad av tryggleik for å unngå vesentleg skade i denne saka. Det vil gi økt kunnskap og bidra til utvikling av overvakingismetodikken. Vi legg til grunn at miljøovervakinga har eit omfang og innhald som gjer det mogleg å avdekkje eventuelle negative effektar på eit tidleg tidspunkt.

Tareskogen ligg i områder med bølger og strøm, og sedimentering og nedslamming av desse områda er derfor lite sannsynleg. Rådgivende biologer skriv i sin konsekvensvurdering at det ikkje kan utelukkast at organiske tilførslar vil kunne ha verknader for tareskogsforekomsten ved Flisholmen, men at det truleg vil være nærmast ubetydeleg.

Miljødirektoratet har ikkje informasjon i denne saka om at det er ein risiko for at utsleppet frå Kongshaugen reinseanlegg kan påverke fiskebestanden i fjorden og bestanden av hummar og krabbe. Tiltaket vil i liten grad påverke sjøområdet utanfor Kvasnes, og utsleppet av kommunalt avløpsvatn frå Kongshaugen reinseanlegg utgjer ca. 2-6 % av dei årlege tilførslane i område. Basert på informasjon som ligg føre er det lite truleg at dette tiltaket vil overstige bereevna til resipienten, og vere øydeleggjande for naturmangfaldet. Basert på kunnskapsgrunnlaget og registrerte påverkingar i vann-nett, vurderer Miljødirektoratet at det ikkje er risiko for at den samla belastninga på resipienten vil bli for stor jf. nml § 10.

#### Lågt oksygeninnhald og plassering av utsleppspunktet frå reinseanlegget

Det følgjer av vassforskrifta § 4 at tilstanden i overflatevatn skal vernast mot degradering, og at vassforekomsten vert forbetra og gjenoppretta med sikte på å ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand. Forureiningsstyresmakta må på bakgrunn av dette vurdere om søkt om forureinande verksemd/tiltak kan føre til at oppnåinga av miljømålet til vassforskrifta vert vanskeleggjord eller tilstanden i vassforekomsten ringast.

Kongshaugen reinseanlegg har utslepp til Storfjorden ytre (Vass-nett ID: 0301020300-1-c-Storfjorden-ytre). I følgje databasen Vann-nett har Storfjorden ytre god økologisk tilstand og er i liten grad påverka av diffus avrenning frå spreidd busetnad, punktutslepp frå reinseanlegg eller diffus avrenning og utslepp frå fiskeoppdrett. Vassforekomsten er i liten grad påverka av eutrofi.

Rådgivande biologar har vurdert at tilførslar av næringssalt vil ha god spreiding og fortynning frå avløpet med utslepppunkt på Kvasneset. Påverking frå tilførsler av organisk materiale frå utsleppet vil vere ubetydeleg og årleg oksygen frå planlagt utslepp er berekna til ca. 0,05-0,1 % av oksygeninnhaldet i fjorden. Utsleppet sitt bidrag til den totale mengda næringssalt i området langs land frå utsleppet og inn mot Vågane ligg i storleikssorden 1- 5 %. Det vil såleis verte vanskeleg å skilje effektar av utsleppet frå naturleg variasjon i fjorden med omsyn til algevekst (Brekke mfl. 2021)<sup>4</sup>. Miljødirektoratet legg til grunn at Rådgivende biologer skriv i sin rapport at det ikkje ser ut til å vere nokon ekstra opphoping av næringssalt i Vågane. Statsforvaltaren har stilt krav om at



total-nitrogen skal inkludert i måleprogrammet for å skaffe datagrunnlag for å vurdere kor mykje nitrogen reinseanlegget bidreg med.

Miljødirektoratet kan ikkje sjå at me har informasjon i denne saka som tilseier at det er tilstrekkelege fordelar for miljøet å flytte utsleppspunktet frå Kvasneset til Lahellestranda, slik nokre av klagarane ynskjer, samanlikna med den ekstra kostnaden dette vil utløyse. Her viser vi mellom anna til Multiconsult sin rapport<sup>5</sup> som understrekar at ein ikkje kan utelukke at det også finnes korallførekomstar eller andre viktige naturtypar vest for Lahellestranda, då ROV-transekta ikkje dekkjer dette området.

Som grunnlag for fleire av vurderingane om straum, modellering av straumtilhøve og innlagring av avløpsvatn, har Rådgivende Biologer målt straum på ulike stader i området gjennom eit år, og har teke hydrografiske profilar annakvar månad i fjorden. Vi legg til grunn at Rådgivende biologer sine vurderingar er korrekte og legg til grunn at modellering av spreining i fjorden tyder på at det ikkje vil gjere nokon stor forskjell å flytte utsleppspunktet lenger vest då utsleppet raskt spreier seg over eit relativt stort område i fjorden<sup>6</sup>. Storfjorden/Sulafjorden er ifølgje Rådgivende Biologer ein resipient med stor kapasitet og stor utskifting, og botnstraumen er svært sterk i området for utsleppspunktet (maks 80 cm/s og gjennomsnitt 12-26 cm/s). Tilførsler av næringssalt vil ha god spreining og fortynning og det er berekna at mengda næringssalt langs land og inn mot Vågane vil være 1-5 %. Det ser ikkje ut til å være noko ekstra opphoping av næringssalt i Vågane.

Miljødirektoratet har ikkje informasjon i denne saka om at utsleppet av kommunalt avløpsvatn ved Kvasneset vil få vesentlege negative konsekvensar for naboar. Vi viser til Rådgivende biologer sin modellering av utsleppet som tyder på at utsleppet mesteparten av tida vil bli innlagra nedi vassøyla ca. 84 – 100 % av tida og at *E. coli* ikkje har påviseleg negativ påverknad på til dømes badevasskvalitet ved Kvasneset eller innover i Vågen. Miljødirektoratet vil påpeike at eit biologisk reinsetrinn, slik Sula kommune skal etablere for å oppfylle sekundærreinsekravet, vil fjerne meir enn 90 % av *E. coli* bakteriar frå utsleppet av kommunalt avløpsvatn frå reinseanlegget<sup>7</sup>. Det er opp til helsemyndigheter/kommunen å vurdere et eventuelt behov for ytterligere rensing mhp badevannskvalitet.

### Konklusjon

På denne bakgrunn vurderer Miljødirektoratet at utsleppet av kommunalt avløpsvatn frå Kongshaugen reinseanlegg, med utsleppspunkt på Kvasneset, ikkje vanskeleggjer oppnåinga av miljømålet til vannforskriften eller fører til degradering av den økologiske tilstanden i vassførekomsten.

### Strengare reinsekrav

Sula kommune har søkt om løyve til sekundærreinsing. Med sekundærreinsing skal utsleppet av organisk materiale reduserast med minst 70 % BOF<sub>5</sub> og 75 % KOF<sub>5</sub>. For at Statsforvaltaren skal stille strengare reinsekrav for organisk materiale enn det som er satt i nasjonal forskrift, må det vere særlege årsaker til det. Miljødirektoratet har ikkje informasjon i denne saka om at det er tilfellet. Vi viser i denne samanheng til at planlagt reinsegrad ved Kongshaugen reinseanlegg i ein normalsituasjon, er estimert å være 80-90 % BOF<sub>5</sub><sup>7</sup>.

<sup>5</sup> [10240013-01-rimt-rap-001-rapport-utsleppspunkt-medio-mai.pdf](#)

<sup>6</sup> [Etablering av nytt avløpsreinseanlegg ved Kvasneset i Sula kommune](#)

<sup>7</sup> [Antimikrobiell resistens i avløpsslam og avløpsvann - Vitenskapskomiteen for mat og miljø](#)



Dagens regelverk stiller ikkje krav om å reinse for mikroforureiningar som miljøgifter og legemidlar. Det kan vere aktuelt å vurdere dette på nytt seinare om dagens regelverk endrast.

### Energiforbruk og krav til energinøytralitet

Klagar meiner det ikkje er teke høgde for krava i avløpsdirektivet. Miljødirektoratet vil gjere ein merksam på at det reviderte avløpsdirektivet som nyleg vart vedteke i EU, ikkje er implementert i norsk regelverk på noverande tidspunkt. Avløpsdirektivet som vart vedteke i 1991 og vart implementert i norsk regelverk i 2007 er gjeldande i Noreg per dags dato. Det er forureiningsforskrifta kap.14 som er styrande for krava som skal stillast til tettstader med utslepp av kommunalt avløpsvatn større enn 10 000 pe. Det betyr at utsleppet av kommunalt avløpsvatn frå det tettbygde området i Sula og Ålesund kommune, er omfatta av det tidlige avløpsdirektivet sitt verkeområde med tilhøyrande reinsekrav gjennom krava som vert stille i forurensningsforskriften kap.14.

I tråd med Miljødirektoratets rettleiing, har Statsforvaltaren i denne saka stilt krav om etablering av energistyringssystem og at overskotsenergi skal nyttas. Slambehandlinga på Kongshaugen reinseanlegg vil vere fortjukking og avvatning. Desse prosessane vil vere ein del av anlegget sitt totale energirekneskap. Energiutnytting av slammet skjer eksternt, og er ikkje regulert i løyvet til utslepp av kommunalt avløpsvatn. Dermed er det heller ikkje relevant å stille krav til energiutnytting av avløpsslammet i dette løyvet.

Forurensningsforskriften stiller ikkje krav om utnytting av energi ved avløpsreinseanlegg. For at forureiningsstyresmakta skal stille strengare krav enn det som er satt i nasjonal forskrift, må det vere særlege årsaker til det. Miljødirektoratet vil gjere merksam på at det reviderte avløpsdirektivet ikkje er implementert i norsk regelverk per dags dato og at det er for tidleg å seie korleis dette vil slå ut for Noreg.

### Forelda teknologi

Miljødirektoratet vil gjere merksam på at forureiningsstyresmakta er teknologinøytrale og sjeldan går inn og vurderer korleis tiltak skal gjennomførast. Forureiningsstyresmakta stiller krav til resultatet og ber den ansvarlege for forureininga om å utarbeide ein plan for korleis ein skal oppnå resultatet. Det er altså opp til Sula kommune å vurdere kva for slags teknologi som er best eigna til å oppfylle reinsekrava i løyvet.

### Utslepp frå naudoverløp- frekvens og påverking på naturreservat

Miljødirektoratet vil understreke at eit naudoverløp ikkje skal brukast i ein normal driftstilstand, men er ei løysing som kan nyttast ved ekstremvêr med mykje nedbør som skaper ei overbelastning på reinseanlegget, eller ved tekniske feil eller røyrbrot.

Miljødirektoratet meiner dette hensynet er ivaretatt gjennom vilkår i løyvet om at alle utslepp via naudoverløp skal registrerast særskilt og handterast som ein avvikssituasjon. Både driftstid og utsleppsmengd skal kunne bereknast. Kommunen sine vurderingar om bruken av naudoverløp i merknadene til klagesaka, syner at dei har kjennskap til situasjonar som kan føre til eit utslepp via naudoverløp og risikoen for at slike situasjonar vil hende.

I dei tilfella der naudoverløpet vert nytta, vil det kunne vere kortare periodar med lokalt dårlegare vasskvalitet. Utslepp av avløpsvatn via naudoverløp som kjem av kraftige nedbørmengder, vil vere vesentleg fortynna med framandvatn og utsleppa av næringsstoff vil vere små og vanskeleg å talfeste.

I Miljødirektoratets naturbase (2022) er naturreservatet Vegsundholmane-Veibustholmen registrert 400-500 meter frå naudoverløpet. Dei viktigaste verdiane for biologisk mangfald i naturreservatet i Vågane er ikkje knytt til marint naturmangfald. Formålet med naturreservatet er å ta vare på eit område med særskild verdi for biologisk mangfald. Det er eit viktig hekkeområde for fiskemåse og det har vore registrert hekking av ærfugl, svartbak og makrelltærne. Naturreservatet er verna med tanke på sjøfugl. Me har ikkje informasjon om at utslepp via naudoverløp vil påverke hekkeforholda på holmane negativt. Det er i løyvet stilt krav om overvaking som vil vere grunnlag for å vurdere plasseringa av overløpet etter ei tid med drift.

På denne bakgrunn meiner Miljødirektoratet at det er lite sannsynleg at utsleppet vil ha ein negativ effekt på naturreservatet i Vågane.

### Utslepp frå naudoverløp- påverking på badevasskvaliteten

Vi viser til våre vurderingar om bruken av naudoverløpet og legg til grunn at dette skal brukast sjeldan. I tilfelle der naudoverløpet har vorte nytta vil badevasskvaliteten vere redusert i ein kortare periode. Som lokal helsemyndigheit har Sula kommune ansvar for å sikre at vatn som brukast til vassforsyning og bading held den kvaliteten som Mattilsynet fastset. På denne bakgrunn er det ikkje ønskeleg med dobbeltregulering ved at det settast krav til god badevasskvalitet i løyvet etter forurensningsloven.

Miljødirektoratet kan derimot ikkje oppheve vilkår om at det skal tas prøver for termostabile koliforme bakteriar (TKB) og *E. coli* i vårt vedtak. Ei heller at kravet til reinseeffekt skal vere 100 TKB mg/l da det vil være en omgjøring til skade for klagar, jf. forvaltningsloven § 34 tredje ledd.

### Plassering av naudoverløpet

Miljødirektoratet har fått opplyst at det er ein pumpestasjon der naudoverløpet er plassert, og at dette gjer det til ein eigna plassering. Vi meiner det er manglande kunnskap om det marine naturmangfaldet i området for naudoverløpet, og er samde med Statsforvaltaren i at dette bør kartleggjast. Statsforvaltaren har sett krav om at det skal gjennomførast ei undersøking av dette området med frist 31. desember 2026.

### Konklusjon

På dette punktet meiner Miljødirektoratet at kravet til kunnskapsgrunnlag ikkje er oppfylt jf. nml § 8. Med bakgrunn i mangelfull konsekvensvurdering av naturmangfald ved naudoverløpet, vurderer Miljødirektoratet at vi ikkje har tilstrekkeleg informasjon til å vurdere om miljønytta ved å flytte naudoverløpet lenger vest, er større enn kostnaden ved å flytte det.

Miljødirektoratet stiller krav om at kartlegginga av naturmangfaldet i området rundt naudoverløpet skal inkludere ein vurdering av naudoverløpet sin påverknad på naturmangfaldet i området rundt naudoverløpet. Vi opprettheld fristen 31. desember 2026.

### Ramme for løyvet

Miljødirektoratet tilrår ikkje at det vert gjeven løyve med større rammer enn det som kommunen dokumenterer at oppstår i det tettbygde området på søknadstidspunktet, og/eller vert belasta kvart enkelt anlegg i maksveike, eller planlegg å auke til i løpet av ein 10 års periode. Ramma i eit løyve skal påverke innhaldet i vilkåra for løyvet og seie noko om når utsleppet vert endra vesentleg. I grunnlaget for søknad om utsleppsløyve for kommunalt avløpsvatn, skal kommunen sørgje for oppdatert dokumentasjon på utbreiinga og utsleppsstorleiken til det tettbygde strøket. Ifølgje berekningane til Sula og Ålesund kommune skal Kongshaugen reinseanlegg reinse avløpsvatnet frå 33 630 innbyggjarar i Ålesund kommune og 8735 innbyggjarar i Sula kommune. Til saman vert det 42 365 innbyggjarar og utsleppet frå det tettbygde strøket er berekna til 47 876 BOF<sub>5</sub> pe. Reinseanlegget er dimensjonert for hydraulisk belastning og stoffbelastning i 2050. I 2050 vil det samla talet på innbyggjarar i det tettbygde strøket vere ca. 49 000 innbyggjarar ifølgje SSBs prognosar for befolkningsvekst.

Miljødirektoratet kan ikkje sjå at det potensielle utsleppet av kommunalt avløpsvatn frå det tettbygde strøket eller den forventa befolkningsveksten fram mot 2050 gjev grunnlag for å konkludere med at ramma på 66 000 pe i løyvet er for liten. Statsforvaltaren har moglegheit etter forurensningsloven § 18, til å vurdere alle krav på nytt etter 10 år, og Vi meiner det vil vere tilstrekkeleg for å fange opp behovet for ei større ramme dersom det skulle vise seg å vere aktuelt.

Miljødirektoratet vil påpeike at kommunen pliktar å sørgje for at det er samsvar mellom reinsekapasitet ved anlegget og storleiken på utsleppet av avløpsvatn i maksveike frå det tettbygde strøket. Dersom storleiken på det faktiske utsleppet i BOF<sub>5</sub> pe overskrider ramma for pe i løyvet, er dette i strid med løyvet. Overbelastning av eit reinseanlegg førar til auka belastning på resipienten, og vil auke faren for at avløpsvatnet verte for dårleg reinsa og utsleppa auke.

#### Areal for framtidige reinsekrav

I løyvet til Sula kommune punkt 3.2.1 er det sett krav om at det skal setjast av areal til eventuell utviding som følgje av framtidige reinsekrav eller behov for auka kapasitet. Dette er i samsvar med Miljødirektoratets rettleiing og vi meiner dette er tilstrekkeleg for å sikre fleksibilitet for framtidige reinsekrav.

#### Overføringsleidning

Miljødirektoratet vil gjere merksam på at legging av kablar/leidningar er ei form for mellombels anleggsverksemd. "Vanleg forureining" frå mellombels anleggsverksemd er tillaten utan løyve, jf. forurensningsloven § 8 første ledd 3). Forureining frå mellombels anleggsverksemd som pga. art, omfang eller verknad ikkje kan reknast som "vanleg forureining", krev derimot løyve etter forurensningsloven § 11. Dette må vurderast i kvar enkelt sak i lys av forureiningssituasjonen i tiltaksområdet og tiltakets eventuelle påverking på omsynskrevjande naturverdiar.

Miljødirektoratet vil gjere merksam på at dei viktigaste verdiane for biologisk mangfald i naturreservatet, ikkje er knytt til sjøbotn. Sjøleidningar er utforma på ein måte som gir svært lav risiko for lekkasje og brot, med mindre det er trålarfelt eller krevjande bathymetri som aukar sjansen for utrasing. Vi har ikkje informasjon i denne saka om at det er auka fare for brot som vil ha negativ påverking på naturreservatet eller for sjøfugl i hekketida.

I løyvet er det stilt krav om beredskapsplan. Dersom det som følgje av unormale driftsforhold eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar kommunen å setje i verk naudsynte

tiltak for å eliminere eller redusere den auka faren for forureining. På denne bakgrunn meiner Miljødirektoratet det er gjort tilstrekkeleg tiltak for å førebyggje akutt forureining.

### Overvaking av vassførekomst

Miljødirektoratet kan ikkje sjå at det er grunnlag for hyppigare overvaking enn kvart tredje år i denne saka. Vi meiner overvaking skal vere risikobasert og me legg til grunn at kunnskapen om vassførekomsten tilseier at utsleppet vil ha lita negativ påverking på Storfjorden. Formålet med overvaking av resipienten er å undersøkje korleis resipienten reagerer på utsleppet av kommunalt avløpsvatn. Påverknad på ein resipient er noko som skjer over fleire år.

Dersom utslepp eller tilstanden i vassførekomsten endrar seg, kan Statsforvaltaren påleggje ei utviding av overvakingssystemet som omfattar målepunkt, parameter og/eller frekvens. Statsforvaltaren kan også påleggje strengare reinsekrav om forholda endrast.

### Lukt og pipehøgde

Miljødirektoratet meiner det vesentlege i denne samanhengen er kravet til immisjon, og at pipehøgda må vere tilstrekkeleg høg for å oppfylle kravet som er sett. Kravet om 2 OUE/m<sup>3</sup> som Statsforvaltaren har stilt, er i samsvar med Miljødirektoratets rettleiar om regulering av luktutslepp frå punktkjelder i løyve etter forurensningsloven. Luktspreiingsanalysen til Nemko Norlab vurderer ulike scenario for skorsteinshøgde og tre ulike plasseringar av pipa. Bidragskonsentrasjonen for mest ramma nabo vil vere 0,08 OUE/M<sup>3</sup> ved eit utslepp 20 m over terreng ved den valde plasseringa av pipa. På dette grunnlaget meiner Miljødirektoratet at pipehøgda på 20 m vil fortynne lukta tilstrekkeleg for å oppfylle kravet til immisjon.

Kommunen har valt å prosjektere anlegget med 1 OUE/m<sup>3</sup> som dimensjonerande krav, og har valt den plasseringa av pipa som gir minst fare for at lukt kan fornemmast og der det primære nedslagsfeltet vil vere utanfor busetnad. Kommunen har dermed gjort fleire tiltak for å redusere luktproblematikk ytterlegare.

Hilsen  
Miljødirektoratet

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent*

Signe Nåmdal  
avdelingsdirektør

Cecilie Kristiansen  
seksjonsleiar

Kopi til:

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal  
SULA KOMMUNE

Postboks 2520  
Postboks 280

6404      MOLDE  
6039      LANGEVÅG